

Neset kommune

6460 EIDSVÅG I ROMSDAL

Vår dato: 07.02.2019

Vår ref.: 201601657-22

Arkiv: 323

Dykkar dato: 13.12.2018

Dykkar ref.: 2018/235-199

Sakshandsamar:

Ole-Jakob Sande

NVE si tilbakemelding - Reviderte plandokumenter - Reguleringsplan for Bergmesteren Raudsand - Neset kommune

Vi viser til brev datert 13.12.2018. Saka gjeld oversending av reviderte plandokument for reguleringsplan Bergmesteren Raudsand.

NVE har i brev datert 09.11.2018 trekt våre motsegner til planframlegget. I brevet gav vi råd om justeringar i planen som vi bad om å få sendt til uttale før planvedtak.

I vedlegg til oversendinga frå kommunen er det gjort greie for kva justeringar som er gjort, både i høve til NVE sine merknader og Fylkesmannen i Møre og Romsdal sine motsegner. NVE vurderer at det i nye og justerte plandokument er svara for dei merknadane vi hadde til planen.

Med helsing

Bright Samdal
regionsjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Postboks 2520
6404 MOLDE

Vår dato: 25.05.2018
Vår ref.: 201601657-10
Arkiv: 323
Dykkar dato: 05.04.2018
Dykkar ref.: 2018/235-6

Sakshandsamar:
Ole-Jakob Sande

NVE fremjar motsegn til offentlig ettersyn av reguleringsplan for Bergmesteren Raudsand - GBnr 40/81 mfl - Nettet kommune

Vi viser til brev datert 05.04.2018. Saka gjeld offentlig ettersyn av reguleringsplan for Bergmesteren Raudsand. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for massedeponi, stein- og masseuttak i fjell, mottak og gjenvinning av uorganisk farlig avfall, deponi for stabiliserte masser i fjellhallar, etablering av industriområde, og utviding av kai og pukkverksemd.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter Plan- og bygningslova (PBL).

NVE har motsegn(jf. PBL § 5-4) til reguleringsplan Bergmesteren Raudsand. Grunnlaget for motsegna er at naturfare knytt til flaum- og skredfare ikkje er tilfredstillande utgreidd og innarbeida i planframlegget. Dersom konklusjonane vert innarbeidd i plankart og føresegner i samsvar med våre merknader fell grunnlaget for motsegna bort.

I NVE sitt innspel til varsel om planstart og offentlig ettersyn av framlegg til planprogram peika vi på avklaring av tryggleik mot skred, grunnforhold ved eventuell fylling i sjø og vassdragsmiljø som aktuelle problemstillingar i planarbeidet.

NVE har gjennomført møte med tiltakshavar og Norconsult den 19.10.2017. Tema for møtet var ulike spørsmål og problemstillingar knytt til storulykkeverksemdar og tryggleikssoner mot skred og flaum. NVE oppmoda om at det vart vurdert uavhengig kontroll av vurderingar som vert gjort i høve til naturfare og storulykkeverksemd.

Norconsult AS er konsulent for samfunnstryggleik og konsekvensutgreiing (KU) i planarbeidet, og det er utarbeidd fleire delrapportar om ulike tema. Angvik Prosjektering AS har samanstilt rapportane i planomtalen og utarbeidd framlegg til plankart og føresegner. Det er gjort eit grundig og omfattande planarbeid, men vi har likevel merknader til korleis det er forankra i plankart og føresegner.

Naturfare

Skredfarevurderinga utarbeidd av Norconsult AS har resultert i omsynssone ras- og skredfare (H310_) i

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

plankartet med tilhøyrande føresegner i § 8.4. Verken plankartet eller føresegnene avklarar kva gjentaksintervall faresona representerer i høve til tryggleikskrava i Byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3. Sjølv om det gjennom andre plandokument kjem fram kva gjentaksintervall faresonene representerer, meiner vi det er ein mangel ved planframlegget at desse ikkje kjem direkte fram av dei juridisk bindande dokumenta.

I skredfarevurderinga er det vist til at simuleringar av streinsprang gir maksimal utløpslengde som varierer frå 20 til 33 m (s.3) og 35 m (s.28) frå skjeringsfot. Teksten i 5. avsnitt i oppsummeringa s. 3, er etter vår meining mangelfullt dokumentert. Vi les det slik at grensa for faresone for skred med sannsyn 1/5000 er sett med konstant avstand på 30 m frå skjeringsfot medan det er vist til simuleringar som gir større utløpslengde enn 30 m. Vi meiner desse vurderingane må forklarast betre.

I omtale av simuleringane er det også vist til uvisse knytt til at terrengmodellen er sett saman av data frå ulike kjelder og difor manglar område med data. Vi viser til www.hoydedata.no som viser at området er laserskanna i 2015, og stiller oss undrande til at det ikkje er mogeleg å etablere ein komplett terrengmodell.

Slik vi les skredfarevurderinga er det ein føresetnad for faresonekarta at planar for vegar og tiltak i planområdet vert gjennomført. Det tolkar vi til at faresonene ikkje er for dagens situasjon, men etter at terrenget er permanent endra.

NVE meiner dette er feil tilnærming i utgreiinga, jf. NVE rettleiar [2/2011 «Flaum og skredfare i arealplanar»](#). Etter vårt syn skal det utarbeidast faresonekart for situasjonen før inngrep og desse må regulerast med omsynssone og tilhøyrande føresegner i plandokumenta. Så kan det lagast eitt faresonekart basert på planlagde tiltak (permanent endring av terreng i høve til TEK17 § 7-3 1.ledd), og etablerast rekkefølgekrav i føresegnene som sikrar gjennomføring av dei aktuelle tiltaka og tilfredstillande tryggleik i byggeområdet. **NVE har motsegn til planen inntil det vert dokumentert at faresonekarta med tilhøyrande omsynssoner og føresegner viser dagens situasjon i planområdet, og at føresegnene har krav til gjennomføring av tiltak som sikrar krav til tryggleik i samsvar med TEK17 § 7-3.**

Planframlegget føreset at vilkåra i TEK17 § 7-3 1. ledd er stetta når plassering av storulykkeverksemda er plassert i område med sannsyn mindre enn 1/5000 for skred. Ut i frå gjeldande praksis har ikkje NVE merknad til ei slik vurdering.

Med bakgrunn i plandokument sine manglar i høve til vurdering av skredfare og planlagt arealbruk, meiner vi det er naudsynt med uavhengig kontroll av arbeidet og viser til vårt råd i møte 19.10.2017. NVE ber om at det vert gjennomført ny uavhengig skredfarevurdering som grunnlag for å fastsetje faresonene i plankartet.

Det er registrert ustabile fjellparti i området som kan få verknader i planområdet i form av flodbølge. Kor stort potensialet er for sekundære verknader av fjellskred er ikkje avklara, men det er vist til at maksimal oppskyllingshøgde vil vere mindre enn 2 m i planområdet. I planomtalen er det omtala at anlegget er planlagt plassert på kote +8 m og vil såleis ha god margin ved eventuell flodbølge. Vi kan derimot ikkje sjå at denne høgda er heimla i føresegnene. **NVE har motsegn til planen inntil føresegnene set krav om tiltak som sikrar planområdet mot ei eventuell flodbølge som sekundæreffekt av fjellskred.**

Norconsult AS har også gjort flaumvurdering av elvar og bekkeløp i planområdet. Det er utarbeidd flaumsonkart for 1000-års flaumen med 20% klimapåslag, og føreslege krav i føresegnene om tiltak i elveløpet for å sikre industriområdet mot flaum. Utviding og seinking av elveløp er vurdert som permanent endring av terreng utan restrisiko, og tiltak som kan godkjennast for å gjere området flaumsikkert. Planteknisk meiner vi at plankartet bør synleggjere kva område dette gjeld med

omsynssone, og føresegner som fastset krav til kva tiltak som skal gjerast for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik. Vassdraget er lite og vil ha rask respons på nedbør, vi rår difor til at vert lagt til grunn 40% klimapåslag i vurderingane. **NVE har motsegn til planen inntil flaumareal vert innarbeidd i plankartet som omsynssone med tilhøyrande føresegner og rekkefølgjekrav som sikrar at området vert permanent sikra mot flaum.**

I delrapport til konsekvensutgreiinga har Norconsult gjort vurderingar av grunnforholda i sjøen for planlagt utfylling. Det er skissert framgangsmåte for arbeidet, og i føresegnene § 9.4 er det sett rekkefølgjekrav om utfyllande undersøkingar og vurderingar før det vert gjeve løyve til fylling. NVE har ikkje merknader til desse vurderingane.

Vassdragsmiljø

Innanfor planområdet er det tre bekkar/elvar og to av desse ligg i område der det er planlagt store terrengendringar. Som følge av terrengendringane vil bekkane innlemmast i systemet for handtering av overvatn i området. Elva/bekken lengst nord i planområdet er regulert med arealbrukskategorien «Bruk og vern av sjø og vassdrag», jf. PBL §12-5 nr 6. Planføresegnene opnar for at det kan gjerast flaumsikringstiltak i vassdraget i samsvar med flaumføre vurderinga. NVE saknar at det er sett krav til kantvegetasjon i samsvar med Vassressurslova § 11 og ber om at det vert innarbeidd i plandokumenta.

Planframlegget legg til rette for etablering av fjellhallar for deponering av avfall under grunnvassnivå. Slik vi les plandokumenta er det vurdert at bergart, trykk og gjennomstrøyming av grunnvatn der fjellhallane er planlagt etablert, har eigenskapar som gjer at det ikkje vil føre til (vesentleg) ureining av grunnvatn eller anna ytre miljø. I føresegnene § 9.3 er det sett rekkefølgjekrav om dokumentasjon av geologiske, hydrogeologiske og geotekniske forhold før det vert gjeve løyve til etablering av tunellar og fjellhallar. NVE har ikkje merknader til desse vurderingane.

Motsegna er forankra i NVE rettleiar 2/2017 «[Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVE's saksområder i arealplanlegging](#)».

Med helsing

Bright Samdal
regionsjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:



Nesset kommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Postboks 2520
6404 MOLDE

Vår dato: 09.11.2018
Vår ref.: 201601657-16
Arkiv: 323
Dykkar dato: 24.09.2018
Dykkar ref.: NVE

Sakshandsamar:
Ole-Jakob Sande

Oppmoding til NVE om å trekke motsegn - Privat reguleringsplan for Bergmesteren Raudsand - GBnr 40/81 mfl - Massedeponi - Nesset kommune

Vi viser til brev frå Bergmesteren Raudsand AS datert 24.09.2018 med merknader til NVE si motsegn til reguleringsplanen og oppmoding om å trekke motsegna basert på endra plandokument. Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Nesset kommune var kopimottakarar av brevet.

Det er Nesset kommune som etter reglane skal fremje justeringar i planmaterialet med føremål om at motsegnsmynde skal trekke motsegner. NVE har fått opplyst frå kommunen at brevet er avklara med planmynde, og vi har informert kommunen om korleis praksisen skal gjennomførast i framtidige saker. Med bakgrunn i Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM) si rolle med samordning av motsegner, vert svarbrevet stila til FM med kopi til kommune og tiltakshavar.

NVE fremja motsegn til planframlegget i brev til Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 25.05.2018. Motsegna vart formelt fremja til Nesset kommune i brev frå FM datert 15.06.2018.

Grunnlaget for NVE sine motsegner var at naturfare knytt til flaum- og skredfare ikkje var tilfredstillande utgreidd og innarbeida i planframlegget;

1. Omsynssone skredfare (H310) og tilhøyrande føresegner viste kartlagt skredfare for planlagt framtidig situasjon, dvs. etter gjennomføring av tiltak, i strid med tilrådd framstilling av faresoner
2. Planen mangla juridisk bindande krav til sikker høgde i høve til fare for flodbølge som sekundær konsekvens av fjellskred
3. Kartlagd flaumfare var ikkje innarbeida i plankart og føresegner

Oversendinga frå tiltakshavar omfattar nytt framlegg til plankart og føresegner, justert skredfarevurdering med uavhengig kontroll og vedlegg som skildrar endringane og svarar for motsegna frå NVE.

1. I revidert skredfarevurdering er det tydeligare klargjort korleis farseonene er fastsett, og kva verknad planlagde tiltak med permanent endring av terrenget vil ha for framtidig faresone. I plankartet er faresoner med alle gjentaksintervall (jf. Byggeteknisk forskrift (TEK17) § 7-3) slått saman til ei omsynssone skredfare (H310) med sannsyn 1/5000 og tilhøyrande føresegn § 8.4

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

med krav om dokumentasjon på tilfredstillande tryggleik før tiltak kan gjennomførast. Vi føreset at dette kravet også inneber ei avklaring av kvar tiltak etter TEK17 § 7-3 1. ledd («1. ledd tiltak») kan plasserast, men saknar ei tydeligare avklaring på kva areal som er rekna som heilt trygt i høve til fare for skred.

NVE meiner også at plankartet vil vere meir eintydig og enklare å lese dersom det vert vist omsynssone for dei ulike tryggleiksklassane i TEK17.

I skredfarevurderinga er det også utarbeida faresonekart som viser situasjonen etter gjennomføring av planlagde tiltak (utsprenging og vegbygging) i og ovanfor industriområdet. Tiltaka er rekna som permanent endring av terrenget og ikkje som sikringstiltak eller risikoreducerande tiltak. Slik vi les føresegnene (§ 4.2.2) er det opna for «1. ledd tiltak» (farleg avfall) innanfor heile område I1, som så langt vi kan sjå strekker seg heilt bak til skjeringsfoten.

NVE si motsegn til planframlegget var grunngeve i feil framstilling av omsynssone skredfare H310. **Dei nye plandokumenta er endra slik at grunnlaget for denne motsegna fell bort.** Vi legg til grunn at vurderingane er gjennomført av konsulentfirma med tilstrekkeleg fagleg kompetanse, og at vurderingane er vurdert gjennom uavhengig kontroll.

2. I justert framlegg til føresegner er krava i høve til fare for flodbølge som sekundær verknad av fjellskred gjort juridisk bindande i § 4.2.7 med krav til minimum byggehøgde. Det er ikkje funne trong for å markere aktuelt areal som omsynssone i plankartet.
NVE vurderer at plandokumenta er endra på ein slik måte av grunnlaget for motsegna fell bort, men rår til at faren vert vist med omsynssone i plankartet med tilhøyrande føresegn.
3. I justert plankart er kartlagt faresone for flaum med gjentaksintervall 1/1000 regulert med omsynssone flaumfare (H320). I tilhøyrande føresegn § 8.5 er det sett krav om dokumentasjon på tilfredstillande tryggleik før tiltak kan gjennomførast. NVE rår til at teksten vert justert og viser til tryggleikskrava i TEK17 § 7-2.
Med føresetnad om at merknaden ovanfor vert teke til følgje, vurderer NVE at plandokumenta er endra på ein slik måte av grunnlaget for motsegna fell bort.

NVE vurderer at skisserte endringar teknisk sett svarar for våre motsegner til planframlegget. Men det bør etter vår meining kome tydeligare fram av plandokumenta kva område som er tilstrekkeleg trygt for plassering av «1. ledd tiltak». Slik vi tolkar TEK17 er det ikkje opning for uvisse i høve til naturfare for denne type tiltak.

NVE sin praksis har vore at vi ikkje har merknader til plassering av «1. ledd tiltak» dersom dei ligg utanfor grense for skred med sannsyn 1/5000. Denne praksisen har plankonsulenten avklara med NVE i møte og lagt til grunn i planarbeidet.

Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) har i e-post til FM 16.08.2018 uttalt at «1. ledd tiltak» ikkje kan plasserast **marginalt** utanfor faregrense for skred med sannsyn 1/5000. DiBK skriv vidare i e-posten at for denne type tiltak må det dokumenterast at skredfaren er **markant** mindre enn 1/5000, utan at omgrepet markant er talfesta (kopi av e-posten ligg ved).

Med bakgrunnen i denne uttalen frå DiBK meiner NVE at skredfarevurderinga og plandokumenta ikkje må opne for tvil om kva område som er trygt for skred. Vi les i skredfarevurderinga at grensa for skred med sannsyn 1/5000 er vurdert «svært konservativ» og at steinsprangsimuleringar som viser maksimalt utfall på 33m frå skjeringsfot vert rekna som urealistiske. Samla er sannsynet for steinsprang inn i området vurdert som lågt, men at det ikkje kan utelukkast (skredfarevurderinga s. 33). For «1. ledd tiltak» skal det ikkje vere nokon fare for skred, og med formuleringa i skredfarevurderinga stiller vi

spørsmål ved om arealet som kan nyttast til denne type tiltak må avgrensast. Det må etter NVE sitt syn kome klart fram kva område som ikkje har nokon form for restrisiko. I motsett fall vil ikkje krava til «1. ledd tiltak» vere oppfylt.

Med omsyn til flaumfare er det i føresegnene § 9.1 sett rekkefølgekrav om terrengendring av bekkeløpet før «1. ledd tiltak» kan gjennomførast. NVE meiner at føresegnene må ha eit tilsvarande krav i høve til skredfare.

Føresegnene har også rekkefølgekrav om betre dokumentasjon av grunnforholda før planlagt utfylling i sjø vert sett i gang. NVE meiner det ikkje bør vere tvil om stabiliteten for eit område som skal nyttast til «1. ledd tiltak», men at planen gjennom rekkefølgekravet sikrar at det vert avklara.

Med bakgrunn i DiBK si presisering av krav til tryggleik for «1. ledd tiltak», meiner NVE at det må kome klart fram av plandokumenta kva område som er vurdert som heilt trygt for skred og flaum, utan noko form for restrisiko eller trong for sikringstiltak. NVE rår sterkt til at kommunen krev ei slik avklaring frå aktuelle konsulentar før planen vert fremja til vidare politisk handsaming.

NVE ber også om at plandokumenta vert endra i samsvar med våre merknader, og at reviderte dokument vert sendt til NVE for uttale før planvedtak.

Med helsing

Bright Samdal
Regionsjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

BERGMESTEREN RAUDSAND AS v/Harald Storvik
Nesset kommune



Neset kommune
Kråkholtvegen 2
6460 EIDSVÅG I ROMSDAL

Neset kommune

Reguleringsplan Bergmesteren Raudsand

Trekking av motsegn

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Bakgrunn

Fylkesmannen har mottatt revidert planforslag og oppmoding frå Neset kommune om å trekke motsegn til reguleringsplan Bergmesteren Raudsand gitt i fråsegn av 15.06.2018.

Vurdering

Plankartet til revidert planforslag syner dei ulike skredfaresonene, og det er knytt føresegnar til omsynssonene i samsvar med tryggleikskrava i TEK17 § 7-3. Fylkesmannen kan **trekke** motsegna.

Skredfarevurderinga for planområdet er oppdatert. Denne vurderer skredfaren med tanke på S1-, S2-, S3-tiltak og tiltak etter TEK17 § 7-3 første ledd. Det er fastsett ei eiga faresonegrense for tiltak etter TEK17 § 7-3 første ledd. Tiltak som er omfatta av første ledd skal plasserast utanfor denne faresona. Faresona er synt som omsynssone for skred i plankartet med tilhøyrande føresegnar i samsvar med tryggleikskrava i TEK17 § 7-3. Fylkesmannen kan **trekke** motsegna. Vidare rår vi til at planomtalen, ROS-analysen og liknande oppdaterast i samsvar med opplysingane/vurderingane i den oppdaterte skredfarevurderinga.

Oppskyllingshøgda som følgje av fjellskred i sjø er vist som omsynssone «skred» i plankartet. Det er knytt føresegnar til omsynssona i samsvar med tryggleikskrava i TEK17 § 7-3. Fylkesmannen kan **trekke** motsegna.

Føresegnene knytt til omsynssonene for brann- og eksplosjonsfare set eigne krav til indre, midtre og ytre omsynssone. Fylkesmannen kan **trekke** motsegna.

Konklusjon

Fylkesmannen trekk med dette attende motsegnene gitt i brev av 15.06.2018 til reguleringsplan Bergmesteren Raudsand.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
direktør

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlarar

Samfunnstryggleik: Stine Sætre, tlf. 71 25 84 85

Kopi:

NVE, Naustdalsvegen 1b, 6800 Førde



NESSET KOMMUNE
Kråkholtvegen 2
6460 EIDSVÅG I ROMSDAL

Neset kommune

Reguleringsplan Bergmesteren Raudsand

Delvis trekking av motsegn

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Neset kommune har sendt oss revidert planforslag datert 21.09.2018, og ber om at vi trekker motsegner gitt i fråsegn av 15.06.2018.

Natur- og miljøvern

Planføresegn § 7.2 viser no meir avgrensa kor fyllingsfoten er i formål *Havneområde i sjø*. Motsegna til dette punktet kan difor **trekkast** attende.

Samfunnstryggleik/klimatilpassing

Planen legg til rette for tiltak som omfattast av ulike tryggleikskrav mot skred. Plankartet syner berre 5000-årsskredet. Fylkesmannen fremma motsegn inntil plankartet synleggjorde 100- og 1000-årsskredet i tillegg. Dette er ikkje gjort. Tiltakshavar/planleggarar må kunne nytte planen for å vite kva tiltak som kan plasserast kvar med omsyn til skredfare. Det skal ikkje vere naudsynt å leite etter denne informasjonen i eit separat dokument (som ein skredfarerapport).

Vidare må planføresegnene knytt til omsynssonene syne til tryggleikskrava i TEK17 § 7-3 for å skildre kva som er tilstrekkeleg tryggleik innanfor dei ulike skredfasonene.

Fylkesmannen **opprettheld** motsegna. Plankartet må syne dei ulike skredfasonene, og det må knytast føresegner til omsynssonene i samsvar med tryggleikskrava i TEK17 § 7-3.

Skredfarevurderinga er oppdatert, og syner skredfaren med utgangspunkt i dagens terreng. Fylkesmannen kan **trekke** motsegna.

Ein planlegg for at storulukkesverksemdar blir plassert utanfor 5000-årsskredet pluss ein ekstra avstand på 30 meter. 5000-årsskredet er konservativt vurdert. Skredfarerapporten

viser framleis til NVE sin praksis med at tiltak etter § 7-3 første ledd kan plasserast utanfor 5000-årsskredet (utan tryggingstiltak). Fylkesmannen viste til at vi ikkje kjente til ein slik praksis. Vi har vore i kontakt med Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) for rettleiing av korleis kravet til tryggleik mot skred i TEK17 § 7-3 første ledd skal tolkast. Deira svar er at det ikkje er tilstrekkeleg å dokumentere at skredfaren er marginalt mindre enn 1/5000. Det må dokumenterast at skredfaren er *markant* mindre enn 1/5000. DiBK gjev ikkje tal på kva som meinast med markant mindre. Slik vi les skredfarer rapporten gjev den ikkje grunnlag for å vurdere om storulukkesverksemda som blir plassert i eit område med markant mindre skredfare enn 1/5000, berre at skredfaren er mindre enn 1/5000. Fylkesmannen er derfor framleis usikker på om storulukkesverksemda oppfyller tryggleikskrava i TEK17 § 7-3 første ledd. Vi meiner skredfarer rapporten tydeleg må kunne dokumentere ein markant mindre skredfare utanfor 5000-årsskredet. Etter vår vurdering må «markant» bety at skredfaren er så låg at den i realiteten er ikkje-eksisterande, jf. TEK17 § 7-3 første ledd. Fylkesmannen **opprettheld** difor motsegna.

Skredfarer rapporten vurderer at flodbølgefaren (oppskyllingshøgda) som følge av fjellskred er < 2 meter og < 1 meter. Tek ein omsyn til forventa havnivåstiging og samanfall med stormflod kan oppskyllingshøgda bli 4,6 meter. Vi kan ikkje sjå at denne høgda er vist i plankartet som faresone for skred med tilhøyrande føresegnar som sikrar tilstrekkeleg tryggleik, jf. TEK17 § 7-3. Fylkesmannen **opprettheld** difor motsegna.

Planføresegnene sikrar krav til kote for planlagde tiltak. Fylkesmannen kan **trekke** denne motsegna.

Flaumfare frå Hållåvåbekken er vist med omsynssone i plankartet. Det er knytt føresegnar til omsynssona som set krav til eventuelle tiltak innanfor sona. Vidare er det utarbeidd rekkefølgeføresegn knytt til terrengendring av bekken. Med føresetnad om at planføresegnene (§ 8.5.2) knytt til omsynssona syner til tryggleikskrava i TEK17 § 7-2, kan Fylkesmannen **trekke** motsegna.

Det er teikna inn indre, midtre og ytre omsynssone rundt storulukkesverksemda. Føresegnene til omsynssonene skil ikkje mellom krava til dei ulike sonene. Fylkesmannen meiner dette må gjerast. Det er ikkje tilstrekkeleg at planføresegnene viser til DSB sine krav til tryggleik mot brann- og eksplosjonsfare. Rettleiaren «*Arealplanlegging rundt storulukkesverksemdar*» gjev dømer på krav til dei ulike sonene. Vi tilrår at desse krava blir innarbeida i føresegnene knytt til dei ulike sonene rundt verksemda. Fylkesmannen **opprettheld** ut frå dette motsegna.

§ 9.4 i planføresegnene krev at grunnforhold skal dokumenterast for utfylling i sjø. Dersom dette kravet er eit resultat av at det er uvisse rundt stabiliteten til grunnforholda, kan ikkje naudsynt avklaring utsettast, men må takast i samband med planen. Vi minner om at reell fare skal avklarast seinast på siste plannivå.

Konklusjon

Fylkesmannen kan trekke følgande motsegner til reguleringsplan Bergmesteren Raudsand:

- Fyllingsfot i formål *Havvneområde i sjø*.

- Skredfarevurdering er oppdatert.
- Flaumfare frå Hålvåbekken er vist med omsynssone i plankartet. Det er knytt føresegnar til omsynssona som set krav til eventuelle tiltak innanfor sona. Vidare er det utarbeidd rekkefølgeføresegn knytt til terrengendring av bekken. Med føresetnad om at planføresegnene (§ 8.5.2) knytt til omsynssona syner til tryggleikskrava i TEK17 § 7-2.
- Planføresegnene sikrar krav til kote for planlagde tiltak.

Vi opprettheld vår motsegn til følgande moment:

- Plankartet må syne dei ulike skredfasesonene, og det må knytast føresegnar til omsynssonene i samsvar med tryggleikskrava i TEK17 § 7-3.
- Det må dokumenterast tilstrekkeleg tryggleik mot skred for storulukkesverksemda, jf. TEK17 § 7-3 første ledd.
- Potensiell flodbølgje (oppskyljing) som følgje av fjellskred på 4,6 meter må visast i plankartet som faresone for skred med tilhøyrande føresegnar som sikrar tilstrekkeleg tryggleik, jf. TEK17 § 7-3.
- Krava til tryggleik mot brann- og eksplosjonsfare må innarbeidast i føresegnene knytt til dei ulike sonene rundt verksemda.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass.fylkesmann

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlarar

Samfunnstryggleik: Stine Sætre, tlf. 71 25 84 85

Kopi:

DSB Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, pb. 2014, 3130 Tønsberg
NVE - Region vest, Postboks 53, 6801 Førde



NESSET KOMMUNE
Kråkholmvegen 2
6460 EIDSVÅG I ROMSDAL

Neset kommune

Reguleringsplan Bergmesteren Raudsand - Angvik Prosjektering AS

Fråsegn ved offentleg ettersyn - motsegn

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Bakgrunn

Fylkesmannen viser til Dykkar brev av 05.04.2018, der reguleringsplan for Bergmesteren Raudsand blir lagt ut til offentleg ettersyn, etter vedtak i Neset kommunestyre, sak 14/18.

Norge er forplikta til å ha tilstrekkeleg nasjonal behandlingsskapitet for deponi av farleg avfall. Gjennom ei fagleg vurdering gjort av Direktoratet for mineralforvaltning, Norges geologiske undersøking (NGU), Miljødirektoratet og Norconsult/COWI, står Brevik og Raudsand att som aktuelle lokalitetar for slikt deponi.

Planforslaget er utarbeidd av Angvik Prosjektering AS på vegne av Bergmesteren Raudsand, og Norconsult AS har stått for konsekvensutgreiing og Risiko- og sårbarheitsanalyse.

Vi vil innleiingsvis gjere merksam på at Miljødirektoratet er forureiningsmynde og vil behandle endringane ved Bergmesteren Raudsand etter forureiningsloven og stille krav til verksemda.

Fylkesmannen viser til forsøk med samordning av statlege motsegner som starta opp i vårt fylke 01.04.2015. Forsøket er avslutta og blitt ei permanent ordning frå 01.01.2018. Denne fråsegna er såleis med i ordninga der vi fremmer motsegn på vegne av Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE). I tillegg har også Fylkesmannen motsegn til planen.

Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 fremmer vi motsegn til planen på følgjande punkt:

NVE:

- Det må dokumenterast at faresonekarta med tilhøyrande omsynssoner og føresegner viser dagens situasjon i planområdet, og at føresegnene har krav til gjennomføring av tiltak som sikrar krav til tryggleik i samsvar med TEK17 § 7-3.
- Føresegnene må endrast slik at dei set krav om tiltak som sikrar planområdet mot ei eventuell flodbølgje som sekundæreffekt av fjellskred.
- Flaumareal må bli innarbeidd i plankartet som omsynssone med tilhøyrande føresegner og rekkefølgekrav som sikrar at området vert permanent sikra mot flaum.

Fråsegna til NVE er lagt ved. Her er det ein del faglege råd i tillegg til at motsegnene er nærare grunngjeve. Vi ber kommunen om må gå gjennom dette .

Fylkesmannen:

- Av omsyn til natur og miljø må planføresegna stille krav om følgande:
 - At fyllingsfoten blir definert i formål *Havneområde i sjø*.
- Av omsyn til samfunnssikkerheit må følgande rettast opp i planen:
 - plankartet må vise alle skredfareområda, og det må knytast føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik til sonene
 - omsynssonene må vise skredfaren for dagens situasjon/terreng, og eventuelle framtidige faresoner etter naudsynte tiltak.
 - det må dokumenterast tilstrekkeleg tryggleik mot skred for storulukkesverksemda, jf. TEK17 § 7-3 første ledd.
 - naudsynt terrengomarbeiding må avklarast i samband med reguleringsplanen, og føresegnene må sikre gjennomføringa. Vidare må område med flaumfare visast i plankartet som omsynssone. Til omsynssona må det knytast føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik.
 - plankartet må vise ei indre, midtre og ytre omsynssone rundt storulukkesverksemda. Sidan omsynssonene må markerast i plankartet, kan ein ikkje utsette vurderingane av omfanget til omsynssonene. Til omsynssonene må det knytast føresegner som viser kva tiltak som kan tillatast innanfor sonene.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Tiltaka i det 1 885 dekar store planområdet gjeld totalt 5 eksisterande og nye deponi for reine og inerte massar og ordinært avfall (del 1), samt endra vegløyising i planområdet. I tillegg omhandlar planforslaget areal for etablering av nytt anlegg for handtering av uorganisk farleg avfall (del 2). I dette ligg mottak, behandling, gjenvinning og lagring av stabile massar i fjellhallar. Planforslaget legg også til rette for etablering av eit pukkverk, fylling og tetting av rasområdet ved fv. 666, samt administrasjons-, produksjons- og

forskningsbygg. Utviding av industriområde med kai er tenkt realisert med å fylle store mengder stein i sjø. Industriområdet til verksemda Real Alloy inngår i planområdet.

I kommuneplanen er område satt av til råstoffutvinning, gruvedrift og masseuttak, område for erverv, samt LNF. Slik sett er arealbruken langt på veg i tråd med kommuneplanen.

Forureining

Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2016-2012 har vedteke mål om å oppnå god økologisk og kjemisk tilstand for Sunndalsfjorden og «Tingvollfjorden ved Raudsand» innan 2027.

Sundalsfjorden er forureina som følgje av tidlegare gruvedrift, gjenvinningsanlegg for saltslagg frå ulike aluminiumsverk, men også frå dagens aktivitet kring fjordsystemet. Sjøbotn inneheld mengder med kopar, sink, nikkel, bly og PCB som gir dårleg økologisk og kjemisk tilstand for det aktuelle området.

Temarapport *Miljøpåverknad* viser at påverknad av utslepp frå planlagt deponi og prosessanlegg og deponi i fjellhallar vil ha svært lokal påverknad i resipienten. Det er her snakk om eit område på om lag 100 m frå utsleppspunktet, før utsleppet blir fortynna i resipienten. Samla sett vil eit utslepp bidra til å forsinke forbedringsprosessen i fjorden. I anleggsfasen vil forureina sjøbotn virvlast opp som følgje av steinfylling. Tunneldriving gir avrenning som i følgje utgreiinga må reinsast.

Dei ambisiøse måla om god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 blir utfordra med tiltaket, og vi reknar med at det vil inngå som grunnlag ved seinare behandling etter forureiningslova.

Det er bra at planføresegna har krav i § 3.5 om reinsing av forureina overflatevatn, sigevatn og utslepp.

Natur- og miljøvern

Saman med planomtale og reguleringsplan belyser temarapportar og risikoanalyse kva konsekvensar tiltaket mellom anna vil få på naturverdiar og miljøet.

Konsekvensutgreiinga for ikkje-prisette konsekvensar er utarbeidd etter metodikken frå Statens vegvesen si handbok V712, der konsekvens av tiltak blir satt på grunn av vurdering av verdi og verknad på landskapet, nærmiljø og friluftsliv, naturmangfald, kulturmiljø og naturressursar.

For landskapet blir samla konsekvens av industrietablering og terrengreparasjonar vurdert å vere *liten til middels positiv*.

For nærmiljø, friluftsliv og naturressursar blir konsekvensane vurdert å vere *negative*.

I planforslaget er det lagt til grunn at det kunn er «vanlege» naturtypar i deponiområda (del 1), men fordi store deler av dagens intakt natur blir borte, vil verknaden bli stor. Tiltak som revegetering ved ferdigstilling kan virke avbøtande, og bør takast inn som krav

i føresegnene. I tillegg kan vi ikkje sjå at krav til rekkefølge på bruken av deponi 1-5 går fram av føresegna, noko som ville redusert det totale inngrepet i området til ei kvar tid i tiåra framover. Vi rår til at dette blir avklara for planen.

Konsekvensane for behandling, gjenvinning og deponering av farleg avfall (del 2) er vurdert til å vere liten negativ for naturmiljøet på land. Vi viser her til at konkrete avbøtande tiltak og krav til oppfølging kan bli gitt i utfyllings- og utsleppsløyve.

Naturmangfaldet er gitt liten-middels verdi og samanstilt med stor negativ påverknad gir dette *middels negativ konsekvens*. Kunnskapsgrunnlaget er innhenta frå ulike register, instansar og eigne registreringar og går fram av KU for ikkje-prisette konsekvensar pkt. 6.3 og 6.4. Verdi, påverknad og konsekvensvurdering er gjort greie for i pkt. 6.5 og 6.6.

Samla gir dette *negativ* konsekvens for ikkje-prisette konsekvensar. Fylkesmannen har ikkje vesentlege merknader til vurderingane som er gjort.

For marint naturmangfald er den største negative verknaden forventa i anleggsfasen ved utfylling på forureina sjøbotn. Ved utfylling er det også fare for forureining av metall frå steinmassane og ikkje-omsett sprengstoff, og skarpe og nålaktige partiklar i vassmassane som kan skade fisk og anna biologisk vev. Utslepp frå prosessanlegg for farleg avfall og deponi relatert til driftsfasen.

Av KU går det fram at eit utslepp på 30 meters djup frå prosessanlegg og deponi berre vil bidra til å forsinke forbettringsprosessen i fjorden nært til utsleppspunktet. Rapporten held fram god tilstandsklasse 100 meter frå utsleppspunktet.

Heile fjordsystemet har verdi som funksjonsområde for laks og sjøaure, der indre deler av Sunndalsfjorden har status som nasjonal laksefjord. Fjordsystemet er vurdert å ha stor verdi for desse artane. Det er eit uttrykt mål i kommunedelplan for sjøområda på Nordmøre at alle tiltak som kan påverke vill-laks og sjøaure negativt skal minimerast.

Opphaldstid i fjorden og kor fisken oppheld seg i vassøyla er viktige parametarar for eksponering av utslepp i sjø, og dermed avgjerande for kva konsekvensar eit utslepp vil ha på dei ulike fiskeartane. Det går fram at stasjonær fisk på djupare vatn kan få auka konsentrasjon av einskilde miljøgifter. På grunn av lenger opphaldstid i fjorden er det sannsynleg at sjøaure frå Driva og fisk frå andre sjøaureførande vassdrag kring Sunndalsfjorden vil kunne vere meir eksponert for utslepp enn laks. Gitt at sjøaure oppheld seg hovudsakleg på 8-10 meters djupne så tilseier dette likevel liten eksponering ved lokalt utslepp på 30 meters djupne. Stor verdi og liten negativ verknad gir *liten negativ* konsekvens. Vi vil likevel påpeike at utslepp av ferskvatn på 30 meters djup vil stige oppover i vassmassane ettersom ferskvatn har lågare tettleik enn saltvatn, men vil samtidig bli fortynna.

Konsekvensane for anadrom fisk er godt utgreidd, og vi har ikkje vesentlege merknader til utgreiinga som er gjort eller konklusjonen.


Planfaglege vurderingar

Deponi 1-5

Tiltaket gjeld oppfylling og avslutning av eksisterande deponi 1, 2 og 3, og etablering av nye deponi 4 og 5. Dekking av eksisterande deponi er positivt, forutsett at sigevatnet blir fanga opp og ført til reinseanlegg.

Det går fram av planomtalen at det er utarbeidd og godkjent tiltaksplan for deponi 1, med høve til tetting av deponiet med reine eller inerte massar. Det bli dermed ikkje riktig å utelate reine massar i planføresegn § 4.3.2. I tillegg står det i planomtalen at for deponi 2 er det uavklart med forureiningsmynde kva massar som kan deponerast. Vi vil påpeike at det må avklarast i eige løyve frå forureiningsmynda kva massar som kan deponerast i deponi 1-5. For å unngå at vilkåra i forureiningsløyvet og planføresegna er i motstrid, rår vi til at kunn bruken av arealet til deponi går fram av reguleringsplanen.

Det er stort engasjement lokalt i denne saka, og det er mange som ønskjer å sette seg inn i kva reguleringsplanen legger til rette for, og kva krav som blir lagt til planområdet. Reguleringsplanen bør synleggjere at det blir stilt krav til søknad etter forureiningslova før fylling i deponi. Dette kan gjerast med retningslinje til føresegna som seier at det er krav om løyve etter forureiningslova før igangsetting.



Figur 40 i planomtalen; planlagt tiltak del 1.

Reguleringsplanen må på ein tenleg måte i større grad vise omfanget av deponi 1-5, jamfør profilane til dei ulike deponia i planomtalen. Dette kan gjerast ved at kotehøgde på avslutta deponi går fram av føresegna. Liknande krav må ein også vurdere når det gjeld utforminga av deponi 1-5.

I planføresegn § 3.12 er det gitt krav til istandsetting og tilpassing til omkringliggende terreng, noko som er bra. Vi saknar likevel ei rekkefølge på kva deponi som skal fyllast først og sist. Med slik tydeleggjering kan deler av området settast i stand og tilpassast omkringliggende terreng raskare.

Føresegna bør stille krav om at massar frå nærliggande areal skal nyttast ved ferdigstilling av deponi, jamfør KU ikkje-prisette konsekvensar. I tillegg til å stille krav om at det ikkje skal nyttast massar som kan spreie svartelista artar i området ved ferdigstilling.

Drenering frå deponi skal samlast i reinseanlegg, og det bør ga fram av planføresegna kor anlegget skal etablerast.

Utviding av næringsareal og kai

I føremål *hamneområde sjø* inngår også fyllingsfot til næringsareal/kai. Sedimenta i *hamneområde i sjø* og omkringliggende sjøbotn er forureina, og ved fylling i sjø må det gis særskilt løyve frå forureiningsmynde, som i denne saka er Miljødirektoratet.

Det er planlagt å fylle ut om lag 3,22 mill. m³ i sjø, og på grunn av djupne ned til 170 meter kan ein i tillegg rekne med stort svinn. I planomtalen pkt. 7.1.2 går det fram at tiltak som fylling av sand/grus over forureina massar eller siltgardin ikkje er eigna avbøtande tiltak. Vi held fram at siltgardin kan likevel vere aktuelt i dei grunne områda nærast land, og bør vurderast. Det er forslag om dumping av stor stein på djupare vatn, før fylling på vanleg måte. Kor vidt slik dumping er eit avbøtande tiltak mot oppvirvling av botnsediment er vi usikre på, og ser ikkje behov for å ha krav i føresegnene som sikrar foreslått løysing med storstein.

Slik planforslaget ligg føre er det opna for at ein kan fylle i heile arealet satt av til formål *Havneområde i sjø*. Dette er ikkje intensjonen for planen og heller ikkje ønskeleg. For å unngå unødig utfylling må fyllingsfoten synast i plankartet. Vi har **motsegn** til dette er gjort. I tillegg bør reguleringsplanen synleggjere at det blir stilt krav til søknad etter forureiningslova før fylling i sjø. Dette kan gjerast med retningslinje til føresegna som seier at søknad etter forureiningslova blir kravd før igangsetting.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

I ROS-analysen antar ein at verksemda vil bli underlagt storulukkesforskrifta. Vi meiner dette er noko som burde avklarast tidleg i planprosessen. Byggteknisk forskrift (TEK17) stiller strenge krav til tryggleik mot skred, flaum og stormflod mot storulukkesverksemdar.

Området ligg innanfor aktsemdsområde for skred. Det er derfor gjennomført ei skredfarevurdering. Skredfarevurderinga er gjort for 100-, 1000-, og 5000-årsskredet. Plankartet viser 5000-årsskredet, men ikkje 100- og 1000-årsskreda. Desse faresonene må synleggjerast i plankartet saman med 5000-årsskredet. Til omsynssonene må det knytast planføresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik.

Inntil plankartet viser alle skredfareområda, og det er knytt føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik til sonene, har Fylkesmannen **motsegn** til planen.

I ROS-analysen kjem det fram at skredfarevurderingane er utført med framtidige planar for anlegget lagt til grunn, og derfor kan store avvik frå planen gje endringar i føresetnadar og endring av skredfare. Vi tolkar dette som at skredfarevurderinga er gjennomført med framtidig terrengendring som grunnlag, og ikkje terrenget slik det er i dag. Fylkesmannen meiner skredfarevurderinga må gjennomførast med bakgrunn i eksisterande terreng. Dersom det er naudsynt med terrengendringar for å sikre tiltak i fareområda, må dette sikrast gjennom planføresegnene knytt til omsynssonene. Fylkesmannen har **motsegn** til planen inntil omsynssonene viser skredfaren for dagens situasjon/terreng, og eventuelle framtidige faresoner etter naudsynte tiltak. Vi viser elles til NVE si fråsegn angående innhaldet/kvaliteten til skredfarevurderinga.

Storulukkesverksemdar fell inn under første ledd i TEK17 § 7-3. Denne seier at bygg der konsekvensane av skred er særleg stor ikkje skal plasserast i skredfarleg område. ROS-analysen viser til gjeldande praksis hos NVE der «... *det ikkje byr på problemer om storulykkevirksomhet legges utenfor faresonegrense for sikkerhetsklasse S3.*» Planen/ROS-analysen tolker dette som at storulukkesobjekt kan plasserast utanfor faresonegrense for 5000-årsskredet (så lenge det ikkje trengs tryggingstiltak). Fylkesmannen er ikkje kjent med ein slik praksis. Vi kan heller ikkje sjå noko i rettleiaren som tilseier at skredfare under 1/5000 kan definerast som utanfor skredfarleg område, jf. TEK17 § 7-3 første ledd. Inntil det er dokumentert tilstrekkeleg tryggleik mot skred for storulukkesverksemda har Fylkesmannen **motsegn** til planen, jf. TEK17 § 7-3 første ledd.

Under kapittelet som omhandlar havnivåstiging, stormflod og bølgepåverknad i ROS-analysen står det litt om eit ustabil fjellparti i fjordsystemet som kan få konsekvensar for planområdet. Vi minner om at sekundærverknadar av skred (som flodbølger) fell inn under TEK17 § 7-3 som omhandlar tryggleik mot skredfare. Vidare i ROS-analysen står det at detaljanalysen om oppskyllingshøgden skal vere ferdig i 2017. ROS-analysen har derfor ikkje dei reelle oppskyllingshøgden, men viser til at dei er estimert til mindre enn to meter. Anlegget er planlagt på kote 8, og ein ventar derfor ikkje at oppskyllingshøgden vil få konsekvensar for tiltaka. Fylkesmannen meiner område utsett for oppskylling som følgje av fjellskred må visast i plankartet som omsynssone for skredfare. Til omsynssona må det knytast føresegnar som sikrar tilstrekkeleg tryggleik. Inntil dette er gjort har Fylkesmannen **motsegn** til planen. Vidare meiner vi at føresegnene må sette krav til kote for anlegget med tanke på risiko for stormflod, inkludert havnivåstiging. ROS-analysen viser til kote åtte, og Fylkesmannen meiner planføresegnene må sikre dette (eller tilsvarande høgde) konkret i planen. Inntil planføresegnene set krav til kote for planlagde tiltak, har Fylkesmannen **motsegn** til planen.

Hålvåbekken kan gje flaum i planområdet. Det er planlagt å utvide kapasiteten i elveløpet. Dette blir sett på som ei permanent terrengendring utan restrisiko. Når kapasiteten er utvida vil ikkje flaumvatn renne ut over bekkeløpet. Flaumvurderingsrapporten rår til at det gjerast meir nøyaktige oppmålingar samt ei revidert utrekning før ei slik terrengendring gjennomførast. Det er derfor ikkje avklart kva endringar som må gjennomførast. Det er utarbeidd rekkefølgjekrav knytt til terrengomarbeiding, men kva dette konkret inneberer er ikkje avklart. Fylkesmannen meiner naudsynt terrengomarbeiding må avklarast i samband med reguleringsplanen, og føresegnene må sikre gjennomføringa av dette. Vidare må område med flaumfare visast i plankartet som omsynssone. Til omsynssona må det knytast

føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik. Inntil dette er gjort har Fylkesmannen **motsegn** til planen.

I ROS-analysen står det at anleggsverksemda kan medføre brann, og dette føreset at brannberedskapen blir sikra i samband med dette. Fylkesmannen meiner verksemda vil falle inn under § 13 i brann- og eksplosjonsvernlova som omhandlar særskilte brannobjekt. Vi meiner derfor det er viktig at det kommunale brannvesenet er inkludert i arbeidet med ROS-analysen slik at denne type føresetnadar avklarast tidleg i planprosessen. Spesielt når tiltaket er av ein slik art at tiltaket, og plasseringa av det, kan få direkte konsekvensar for brannvesenet sin organisering og beredskapsplanar. Ut frå dei føresetnadane som er skildra i planen når det kjem til brannfare ved eller nær anlegget, kan det tyde på at brannvesenet ikkje har vore inkludert i ROS-arbeidet. Dette blir spesielt tydeleg i analysen der det blir føreset at det blir etablert dialog med det lokale brannvesenet slik at kravet til innsatstid, og eventuelle ytterlegare førebyggjande tiltak, blir ivaretatt. Vi meiner brannvesenet allereie i planleggingsfasen kan bidra med viktig informasjon og opplysingar om relevante førebyggjande tiltak. Ein kan ikkje sjå vekk i frå at det kan vere føremålstenleg å sikre somme førebyggjande tiltak gjennom planen.

Brann- og eksplosjonsvernlova krev i § 20 at verksemdar varetek tryggleiken til menneske, miljø og omgjevnadar. Dette kan mellom anna skje gjennom arealmessige avgrensingar. God arealplanlegging skal bidra til auka tryggleik for omgjevnadane gjennom å sikre tilfredsstillande avstand til storulukkesverksemdar. ROS-analysen viser til tre omsynssoner rundt ei storulukkesverksemd, og kva som kan tillatast av opphald/tiltak innanfor dei ulike sonene. Vi kan ikkje sjå at ROS-analysen har gjort ei vurdering av omfanget av desse omsynssonene. I planføresegnene 4.2.2 står det at tiltak som kjem inn under storulukkesforskrifta skal designast slik at fv666 og Real Alloy sin verksemd blir liggande i den midtre omsynssona. Det er ikkje teikna inn verken indre, midtre eller ytre omsynssone i plankartet. Denne føresegna gjev derfor ikkje mening. Fylkesmannen meiner plankartet må vise ei indre, midtre og ytre omsynssone rundt storulukkesverksemda. Sidan omsynssonene må markerast i plankartet, kan ein ikkje utsette vurderingane av omfanget til omsynssonene. Til omsynssonene må det knytast føresegner om kva tiltak som kan tillatast innanfor sonene. Inntil dette er gjort har Fylkesmannen **motsegn** til planen. Vi viser her til DSB sin rettleiar om tryggleiken rundt storulukkesverksemdar.

Støy

Støysonekart er utarbeidd av Norconsult datert 24.10.2017. Støy er vist som omsynssoner H210 og H220 i plankartet og føresegner om støy er gitt i §§ 3.6 og 8.3.

Det er bra at støyretningslinje T-1442, med støygrenser, er gjort gjeldande for planområdet. § 8.3.3 opnar for at bygg med støyfølsam bruk kan tillatast dersom det kan dokumenterast at avbøtande tiltak gir tilfredsstillande støytilhøve. Vår vurdering er at formuleringa kjem i konflikt med formålet *industri og hamneområde i sjø*, og dermed må takast ut. Uansett er det vel ikkje aktuelt å bygge verken bustader, hytter, skule o.a. i dette området. Vårt råd er at H210 og H220 får same tekst som foreslått i § 8.3.2. Eksempel: «*Innenfor H210 og H220 er det ikke tillatt med støyfølsomme bruksformål*».

Luftforureining

Det er ulike kjelder til luftforureining i planområdet, og ved søknad om løyve etter forureiningslova vil det bli sikra at gjeldande grenseverdiar blir overhaldne. Krav til landstraum for skip ved kai er eit avbøtande tiltak som er halde fram i planomtalen for at øvrige utslepp av luftforureining skal ha *liten negativ* konsekvens. Vi rår til at det blir set krav til landstraum i planføresegna.

Konklusjon

Fylkesmannen og NVE har ei rekke motsegner til planen der alle er knytt til samfunnstryggleik, med unntak av at det må avklarast i planen korleis ein kan fylle ut i sjø. Vi ber om at motsegnene blir gjennomgått og at vi får tilsendt eit revidert forslag til plan med føresegner. Dersom det står att motsegner etter dette, ber vi om at det blir kalla inn til eit arbeidsmøte der vi kan gå gjennom konfliktpunkta og prøve å finne ei løysing på desse.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlarar

Samfunnstryggleik: Stine Sætre, tlf. 71 25 84 85

Vedlegg: NVE sitt motsegnsbrev datert 25.05.2018

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde
Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal, Postboks 185, sentrum, 5804 Bergen
Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 1502, 6025 Ålesund
NVE - Region vest, Postboks 53, 6801 Førde
Mattilsynet, Postboks 383, 2381 Brumunddal



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Neset kommune
Kommunehuset
6460 Eidsvåg i Romsdal

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|-------------|--------------|---------------------------------|--------------------------|------------|
| 2018/235 | 10.04.2018 | 46720/2018/REGULERINGSPLAN/1543 | Johnny Loen, 71 28 02 43 | 05.06.2018 |

Neset kommune - detaljregulering - reguleringsplan for gbnr 40/81 mfl. - deponi for ureina massar og farleg avfall m.m. - fråsegn ved offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

INNLEIING

Prosjektet som ligg bak reguleringsprosessen er av nasjonal skala. Det er kontroversielt og i alle samanhengar ein type prosjekt som ingen ønsker å ha i "bakhagen". Det er likevel nødvendig å utgreie ulike alternativ for lokalisering, slik at resultatet til slutt blir det som er mest tenleg. Ut frå dette er det også lagt store ressursar i konsekvensutgreiingane, som etter vår vurdering stort sett svarar ut dei tingingane som vart gjort i planprogrammet. Fylkesrådmannen påpeikar eit par manglar, men finn ikkje at desse har slik karakter at utgreiingsmaterialet er utilstrekkeleg for å ta avgjerd i saka.

Fylkesrådmannen frårår lokalisering av deponi for ureina masser og farleg avfall på Raudsand. Dette det først og fremst med bakgrunn i dei konsekvensane det kan ha for matproduksjon, akvakulturnæringa særskilt, både i form av faktisk risiko, men også i form av negativt omdøme. Fjordane i Møre og Romsdal vert i dag oppfatta som reine og friske. Deponianlegget kan påverke denne oppfattinga vesentleg.

MERKNADER TIL KONSEKVENSENTGREIINGA

Planfaglege merknader

Fylkesrådmannen hadde ikkje vesentlege avgjerande til planprogrammet då dette var til offentleg ettersyn (vårt brev 29.04.2016). Konklusjonen bygde på at alle relevante utgreiingstema var synleggjort på ein god måte og det var klare referansar til kunnskapsgrunnlag og utgreiingsmetode. Planprogrammet vart godkjent av Neset kommunestyre 23.06.2016.

Vi har heller ikkje avgjerande planfaglege merknader til konsekvensutgreiingane. Desse er på same måte som planprogrammet, systematisk bygd opp etter akseptert og kjent metodikk og også i samsvar med tingingane i planprogrammet. Samanstillingsrapporten gjer det greitt å orientere seg i utgreiingane, likeeins gir også planomtalen nødvendige tilvisingar og viser "den raude tråden" gjennom plandokumenta og prosessen.

Temafagleg er delar av innhaldet komplisert og krev spesialkompetanse for å kunne gjennomgå og etterprøve. I den grad fylkeskommunen har slik kompetanse (og ansvarsområde), er dette gjort temavis nedanfor.

Samfunns- og næringsutvikling

Havbruk og sjømatproduksjon

Norconsult fastslår i avsnitt 3.6.4 på side 25 i sin rapport (vedlegg 13), at det er svært lite sannsynleg at matfisk i akvakulturanlegg i Tingvollfjorden vil bli påverka av utslepp frå eit gjenvinningsanlegg på Raudsand.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at konsekvensutgreiingane knytt til havbruksnæringa og matproduksjonen tek tilstrekkeleg innover seg korleis marknaden nedstrøms produksjonen fungerer. Ei etablering av deponi på Raudsand kan for sjømat- og oppdrettsnæringa få konsekvensar som er uakseptable, både regionalt og nasjonalt, uavhengig av om risikoen for faktiske hendingar er lite. Vi vurderer utgreiingane som ufullstendige på dette punktet, men legg egne vurderingar til grunn i tilrådinga.

Trass i utgreiingane sin konklusjon og faktiske utslepp, kan usikkerheita om matkvaliteten øydelegge omdømet til produsentane i fjorden og det kan øydelegge omdømet til regionen på ein slik måta at produsentane ser seg tent med å flytte ut.

Dersom større aktørar vel å trekke ut sin produksjon frå dette området, inneber det tap av eit stort tal arbeidsplassar både lokalt og regionalt, og området kan tape sin del av den verdiskapinga som oppdrettsnæringa og tilknytte næringar står og skal stå for. Eit eksempel på ringverknader, er at dersom Aqua Gen AS må trekke seg ut frå Tingvollfjorden, vil det også ramme slakteri på Averøy som slaktar fisk som ikkje nyttast til stamfisk.

Sjølv om risikoen for utslepp er lav, kan med andre ord etableringa av eit deponi få konsekvensar som er alvorlege regionalt og i verste fall også nasjonalt. Marknadane er lett påverkelege og ein må vente at alle typar utslepp frå slik verksemd det planleggast på Raudsand skaper stor negativ merksemd. Dette meiner fylkesrådmannen er underkommunisert i utgreiingane.

Næringa har sjølv gitt uttrykk for stor uro for kva etableringa av deponi, særleg deponi for farleg avfall, kan ha å seie for omdømet ute i marknadene. Fleire aktørar gir allereie på førehand signal om at dette kan føre til at dei må vurdere å trekke seg ut frå Tingvollfjorden og Nordmøre.

Uhell under transport kan skje langs heile kysten frå Oslofjorden til Raudsand. Seglingsdistansen er om lag 600 nautiske mil. Frå kontinentet vil seglingsdistansen variere, men om lag 500 nautiske mil vil skje i Norges økonomiske sone. Mykje av denne transporten vil skje gjennom utfordrande havstykke, der verknaden av uhell kan bli svært stor. Store delar av oppdrettsnæringa i Norge ligg langs denne kystrekninga (frå Agder og nordover), og husar eit stort tal oppdrettsanlegg. Ved eit havari vil anlegga ligge utsett til forureina sjømasser og vil lide eit betydeleg tap både faktisk og omdømemessig ute i marknadene. Også dette finn fylkesrådmannen underkommunisert.

Reiseliv

For reiselivet gjeld mange av dei same omdømeutfordringane som for havbruket. Reiseliv er også ei viktig næring i Møre og Romsdal, og konsekvensane kan bli større enn det ein gir inntrykk av i utgreiingane.

Samfunn og infrastruktur

I temarapport for infrastruktur og samfunn (vedlegg 9), vert slått fast at planane om deponi for ordinært og inert avfall vil gi positiv samfunnsverknad ut frå at eksisterande deponi vil bli avslutta på ein forsvarleg måte. Deponi og anlegg for farleg avfall har både positive og negative verknader. Negative verknader er særskilt knytt til noko risiko for ulukker under sjøtransport. Positive verknader er knytt til arbeidsplassar og økonomiske ringverknader.

Sjøtransport er elles utgreidd i eigen rapport, som konkluderer med at risikoen er fullt ut akseptabel. Anlegget på Raudsand vil utgjere 1-1,5 % av utsegla distanse med slik fartøy i norske farvatn, og farvatnet er oversiktleg og ikkje svært trafikkert. Men sjå merknader til akvakultur og sjømat ovanfor.

Omdøme er nemnt i den same rapporten, men berre gjennom å vise til liknande saker der omdømet ikkje i vesentleg grad er påverka. Ein viser også til at omdøme er knytt til faktorer som tiltakshavar ikkje sjølv styrer og tek såleis ikkje stilling til dei konkrete produkta omdømet i denne saka gjeld. Også her viser vi til merknader om akvakultur og sjømat.

Det er lett å vere samd i at omdømetap er vanskeleg å føreseie, og at årsaka ofte kan skuldast mobilisering mot ei sak like gjerne som saka sjølv. Men ein må då også vere klar over at dei som mobiliserer kan vere produktkundar. Mest relevante produkt i denne sak er reise-/turistopplevingar og mat frå sjøen. Dette er produkt Møre og Romsdal som region er avgjerande avhengige av. Omdømefall vi derfor kunne påverke regionen sterkt.

Vassmiljø og vassmiljømål

I driftsfasen er det rekna at grunnvatn vil bruke omlag 60 år å trenge gjennom fjellet frå nye fjellhallar til fjorden. Undervegs vil forureining adsorbere til berget og konsentrasjonane til sjø vil vere svært låge samanlikna med avrenning frå Real Alloy og eksisterande, uavslutta deponi. Vatn som må pumpast ut av fjellhallane, må gjennom rensing før utslepp i fjorden (vedlegg 7). Utgreiingane konkluderer med at deponiet vil ha liten, men negativ verknad for akvakultur og marine ressursar reint forurreiningsmessig. Fylkesrådmannen finn ikkje grunnlag til å motstride dette.

I anleggsfasen fastslår Multiconsult i si utgreiing (vedlegg 11) at dumping av masse i sjøen, slik det er tenkt, vil føre til oppvirvling av botnsediment. Utfordringa er at desse sedimenta er svært påverka av ureining frå tidlegare gruveverksemd, hovudsakleg med kopar, nikkel og sink, men også bly og PCB. På grunn av manglande stabilitet i delar av botnområdet, samt djupna det skal dumpast på (maks 170 m), er vanlege avbøtande tiltak lite aktuelle. Ein foreslår derfor at *"den mest skånsomme måten vil trolig være å bygge opp det nederste laget av fyllingen ved å dumpe stor stein fra lekter"*. Oppå dette botnlaget kan det etterpå fyllast meir masse utan at sedimenta vert virvla opp. Oppvirvlinga er ut frå dette venta å vere av lokal karakter og i dei nedre vasslaga. Ut frå rapporten er det likevel påreknleg at planlagt aktivitet vil kome i konflikt med miljømåla som er sett for fjorden. Korleis og i kva omfang dette kan skje er ikkje vurdert og det er dermed fortsatt knytt stor usikkerheit til verknadene.

Å drive tunnellane vil også gi avrenning, der utgreiingane slår fast at det må vere rensing på dette vatnet.

Utgreiingane viser til BAT ("beste oppnålege teknologi") som utgangspunkt for "worst-case"-scenaria. Ein reknar med andre ord med ny teknologi som skal gi færre konsekvensar. Etter fylkesrådmannens vurdering er det fortsett knytt usikkerheit til Halosep-metoden, som er omtalt og under utvikling, men ikkje testa ut i fullskala. Det er derfor riktigare å vise utslepp med eksisterande teknologi, og heller slå fast at desse kan bli reduserte med ny teknologi.

Planlagt utslippspunktet for vatn frå prosessanlegg vil ligge på 30 m djupne og med 300 mm opning. Utgreiingsrapporten konkluderer ut frå dette med at utslepp vil vere fortyinna til god tilstandsklasse (i vatnet) 100 m frå utsleppspunktet, og slår etter dette fast at påverknaden er forventa å vere lokal og ikkje vil påverke fjorden vesentleg. Vassprøver frå

2017 viste at arsen var i tilstandsklasse III (moderat). Det er også tidlegare vist høgare konsentrasjonar av arsen i vassprøver ved Raudsand. Dette vil påverke fortynningsbehovet for utslepp og burde ha vore nærare omtalt i utgreiingane.

For nitrogen er det ikkje gitt noko estimert avstand mellom utsleppet og tilstrekkeleg fortynning. Fortynningsbehovet er ut frå konsentrasjonane høgt. Vassprøver frå 2017 viser tilstandsklasse III for totalnitrogen. Rapporten peiker på at utslepp frå Bergmesteren Raudsand vil utgjere 2-3 prosent av nitrogenutsleppa til fjorden, men dette gjeld totalutslepp frå både naturlege og menneskapt kjelder. Dersom ein avgrensar til menneskapt kjelder, vil utsleppet frå Bergmesteren utgjere 5% auke. Uavhengig av dette, er det også her totalpåverknaden ein må vurdere når ein skal vurdere konsekvensar av ny aktivitet. Utgreiingane konkluderer ikkje sikkert med forverra miljøtilstand, men påpeikar at utsleppa kan medverke til å oppretthalde dårleg tilstand.

Automatisk freda kulturminne

Vi registrerer at det allereie er gjennomført arkeologiske registreringar i sjøareal. Vi har derfor ikkje fra vår side vidare sendt høyringsdokumenta til NTNU Vitskapsmuseet. Vi føreset at arealomfanget i sjø ikkje er endra sidan desse avklaringane vart gjort.

Kulturminne frå nyare tid

KU viser til kulturverdiane knytt til gruveanlegget. Vi har ikkje merknader til den vurderinga som er gjort.

Folkehelse

Det er relevant å vise til § 4 i folkehelselova, som pålegg kommunen å fremje folkehelse innan oppgåver kommunen er tillagt, og å medverke til at helsemessige omsyn vert ivareta av andre styresmakter og verksemder. Gjennom reguleringsplanarbeid vert det ofte lagt viktige premiss som påverkar folkehelsa. Det er derfor grunn til å etterspørre utgreiingar av konsekvensane for folkehelsa.

I det oversendte materialet er det fleire moment som gjeld folkehelse, til dømes i temarapport om miljøretta risikoanalyse. Omgrepet "folkehelse" er likevel berre nemnt ein gong i denne rapporten, og det er i tilknytning til eit avsnitt om friluftsliv. Likeeins er folkehelse nemnt berre to gonger i planomtalen, begge som sitat frå partar som har gitt innspel ved oppstart. Vi finn ikkje grunnlag for å hevde at folkehelseaspektet ikkje er drøfta i konsekvensutgreiingane, men kanskje kunne det vere tenleg å samle alle dei ulike momenta som påverkar folkehelsa særskilt i eit eige delkapittel i planomtalen.

Delkonklusjon

Fylkesrådmannen peikar på nokre moment der konsekvensutgreiingane ikkje gir fullstendige opplysingar, men meiner likevel at arbeidet som er gjort gir grunnlag for rett vedtak om reguleringsplanen.

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Det meste av planområdet er i gjeldande kommuneplan avsett til råstoffutvinning og erverv/næring og såleis "tapt" som natur. I sørvest er det likevel eit område av ein viss storleik for landbruk, natur og friluftsliv (LNF). Det nye forslaget avvik frå dette gjennom å etablere byggeføremål i delar av LNF-arealet, men også vice versa; ein del av arealet som er avsett til råstoffutvinning, vert endra til LNF-skogbruk. Det er utarbeidd separat plankart for nivået under bakken.

På sjøsida av fylkesvegen vert ervervsarealet oppretthalde som industriføremål. I sjøarealet er det føreslått hamneområde eit stykke ut frå industriområdet. Dette er ikkje i tråd med framlegget til felles sjøarealplan for Nordmørsfjordane, som no ligg til sluttgodkjenning i kommunane. Spørsmålet er likevel teke opp av kommunen i sistnemte

prosess, der det er konkludert med at alle utgreiingar og vedtak knytt til Bergmesteren Raudsand må skje gjennom reguleringsprosessen. Når reguleringa eventuelt vert vedteken, vil reguleringsplanen gjelde framfor kommuneplanen.

Situasjonen "i marka" er samansett. Frå lufta er det vegane og bygningsmassen langs sjøen som pregar biletet, men her er også ei rekkje inngrep etter tidlegare masseutvinning og -deponering av ulike slag. Store delar av området har derfor preg av allereie å vere nedbygd. Berre dei vestre delane kan seiast å ha naturpreg av vesentleg omfang.

Planfaglege merknader

Generelt er planarbeidet omfattande og grundig gjennomført, og vi har berre få planfaglege merknader.

Opplysingane som er gitt i planomtalen om deponiplanane (tiltaket del 1 og 2) er sjølv sagt relevante og interessante, og ikkje minst nødvendige i samband med søknad om utsleppsløyve mv. Det er likevel berre mindre delar av det ein omtaler, som kan styrast gjennom reguleringsprosessen. Forholdet mellom ulike lovverk kjem ikkje klart fram. Det er viktig at planomtalen er tydeleg på kva reguleringsplanen kan og ikkje kan styre og kva som må styrast gjennom reguleringsprosessen fordi sektorlovverket ikkje gir rammer. Denne sontringa er nødvendig for å forklare føresegnene og kanskje supplere desse. Vi rår sterkt til at dette vert noko omarbeidd før ein eventuelt gjer endeleg vedtak.

I plankartet ligg alle deponia innanfor føremålet "Annen særskilt angitt bebyggelse og anlegg". Det er ikkje gitt føresegner til dette føremålet, utover å sette rammene for kva som er meint med "særskilt angitt", nemleg deponi. Føresegna bør presisere at etablering av reinseanlegg inngår i føremålet. Hovudtilkomstar er gitt som eige kartføremål, men det kan truleg også vere aktuelt med interne småveggar, mellomlagring av overdekkingsmasse mv.

Deponia 1, 2, 3 og 4 er berre summarisk lokalisert på kartet og kan etter dette utvidast samla til å dekke heile føremålsarealet. Dette er neppe tilsikta og heller ikkje i samsvar med det som er vist i planomtalen og konsekvensutgreiingane. Paragraf 4.3.3 gir også føringar for eit deponi 6, som ikkje er vist på kartet og heller ikkje omtalt saman med dei andre deponia i planomtalen. Begge desse forholda medverkar til at materialet er ufullstendig, dels fleirtydig, noko som bør rettast opp.

I planomtalen er det gjort greie for konkrete planar/prosessar knytt til eksisterande og nye deponi for inert og ordinært avfall (deponi 1 til 5). Dette er prosessar som dels er igangsett i medhald av forureiningslova m/forskrifter. Det sentrale spørsmålet her, er kva rammer reguleringsprosessen kan legge utover det som forureiningslova føreskriv, jamfør ovanfor. Her er til dømes § 3.12 om istandsetting og tilbakeføring viktig. Dei konkrete pålegga/ søknadene som no er til behandling for deponi 1 og 2, har enno ikkje reguleringsrammene å forholde seg til, og det vil derfor kunne reisast spørsmål ved om korleis reguleringsplanens eventuelle tilleggskrav skal gjennomførast.

Real Alloy sitt eksisterande anlegg inngår i planen. Planomtalen kvitterer ikkje ut planforslaget her, utover det som er sagt om eksisterande situasjon.

Eit siste spørsmål er sjølv sagt kva arealføremål som er aktuelt å etablere etter at deponia er avslutta. Under omtalen av deponi 3, 4 og 5 er mellom anna nemnt at "*toppdekket og overflaten skal kunne brukes til friluftsliv og skogbruk*". I planforslaget er det openbar motsetnad mellom føremålet ein lanserer på kartet og bruken til skogbruk og friluftsliv. Ein kan kanskje tenke seg kombinasjonsføremål styrt gjennom rekkefølgeføresegn for delar av området ? Det må i tilfelle også etablerast føresegner knytt til

bruken som LNF, som sikrar at deponia ikkje vert opna/skada. Alternativt bør planomtalen synleggjere behovet for omregulering i framtida.

Særskilt til føresegnene

Vi har ikkje avgjerande merknader, men påpeiker at nokre av formuleringane i realiteten er av orienterende karakter, eller har heimel annan stad enn i pbl. Dette bør ein strengt tatt unngå. §§ 3.2, 3.3, 4.1.1, 4.2.1 og 4.2.2 er døme på dette.

§ 3.5 kan lett tilleggast meining utover det som truleg er tenkt; det vil alltid renne overflatevatn i eit område. For det problematiske vatnet og utsleppa, vert vilkåra primært sett gjennom utsleppsløyvet som verksemda må ha.

§ 3.1: Når det her er gitt føringar for "hele området" må ein ut frå at det er ei fellesføresegn rekne at det gjeld planområdet samla. Det synest ikkje truleg at det skal vere krav om felles byggesøknad som inkluderer eksisterande industrianlegg ved sjøen, men det er slik formuleringa må forståast.

§ 3.12: Kven godkjenner profildeikningar ?

Samfunns- og næringsutvikling

Havbruk

Etterspurnaden etter sjømat og andre produkt frå det marine miljøet i verda vil auke, og Norge er med sine naturlege fortrinn eitt av dei landa som kan møte desse behova. Regjeringa har utpeikt havbruksnæringa, saman med dei andre havnæringane, som dei store vekstnæringane i Norge i framtida. Rapporten «Verdiskaping basert på produktive hav i 2050» peikar på at veksten innan sjømat vil måtte skje gjennom oppdrett, og det blir estimert ei marin verdiskaping på omlag 250 mrd. kroner i 2030, og i overkant av 500 mrd. kroner i 2050.

Møre og Romsdal er eitt av Norges største sjømatfylke, med ein eksport på oppunder 17 mrd. kroner i 2016. Av dette representerte oppdrett av laks og aure 9,6 mrd. kroner. Nordmøre er ein betydeleg oppdrettsregion, og omlag 55 prosent av alle laksekonsesjonane i fylket er lokalisert her. Saman med sørlege delar av Trøndelag, er Nordmøre blant dei største regionane i verda for oppdrett av laks. Regionen vil stå for ein vesentleg produksjon av laks og aure også i framtida. Dei største aktørane er Lerøy Midt AS, Marine Harvest Norway AS og SalMar Farming AS.

På Nordmøre skjer også store delar av den norske oppdrettsproduksjonen av kveite, på lokalitetar i kommunane Gjemnes og Eide.

I fjordsystemet som Raudsand er lokalisert ved, blir det produsert om lag 11 000 tonn oppdrettslaks årleg. Aktørane er Lerøy Midt AS som produserer matfisk på fire lokalitetar i midtre og ytre del, og Aqua Gen AS som produserer stamfisk. Produksjonen av stamfisk er av openbare årsaker særleg verdfull. Aqua Gen AS er ein av dei leiande internasjonale stamfiskaktørane på laksefisk. Dei har ein stor del av sin produksjon på tre lokalitetar i indre del av Tingvollfjorden, altså svært nær anlegget ein planlegg på Raudsand.

Eitt av dei viktigaste fortrinna Norge har i sjømatmarknaden, er reine fjordar og kystfarvatn som eignar seg godt til produksjon. Sunne produkt med høg næringsverdi, framstilt i reint vatn og reine omgivnader, er det viktigaste salsfremmande argumentet i marknadene rundt om i verda. Eit godt omdøme er ein føresetnad for å kunne selge slike produkt og er heilt nødvendig dersom ein skal innfri det enorme verdiskapingspotensialet som er mogleg i framtida. Matproduksjon til sjøs er også ein viktig føresetnad i den globale diskusjonen om berekraft.

Ut frå dette finn fylkesrådmannen at verknadene av å etablere eit deponi for farleg avfall er uakseptable når det gjeld akvakulturverksemda og matproduksjonen i fjordsystemet, i regionen elles, og langs transportleia. Sjølv om utsleppa materielt sett skulle vere små og risikoen for større ulukker er avgrensa, er risikoen for vesentleg omdømetap og dermed næringa si framtid i regionen for stor til at fylkesrådmannen kan tilrå planen.

Reiseliv

Også her er risikoen for omdømetap tilstades og vesentleg for regionale næringsinteresser.

Vassforvaltning

I Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2016-2021 er Sunndalsfjorden prioritert, og innan avgrensinga "Tingvollfjorden ved Raudsand" er vedteke mål om å oppnå god økologisk og kjemisk tilstand. Dette miljømålet er utsett til neste planperiode (2022-2027), då det ikkje er sannsynleg at det kan nåast innafor 2016-2021. Dette skuldast dei store utfordringane som faktisk finst i vassforekomsten. Miljøtilstanden er i dag "dårleg økologisk tilstand" og "dårleg kjemisk tilstand", som i stor grad er knytt til tidlegare aktivitet ved Raudsand.

Undersøkingar gjort av NIVA i 2003 viste ein auke i konsentrasjonane av aluminium, kopar, sink og krom. Forureininga var størst nærast industriområdet. I tillegg var det også auke av sink og særleg kopar ute i djupbassenget i fjorden. Undersøkingar NIVA gjorde i 2013 viste at forureiningsnivået for både metall generelt og PCB var lågare enn i 2003, men området var framleis sterkt forureina både av bly og sink. 2013-undersøkingane viste også at botnsedimenta var sterkt sterkt til meget sterkt forureina av kopar, og fjordvatnet var markert til sterkt forureina av nikkel. Eit område på 0,3 km² utanfor hovudutsleppet var markert til sterkt forureina av PCB.

Forureina sjøbotn inneber tunge miljøutfordringar som er krevjande å rydde opp i. Sjølv om vassforvaltningsplan har utsett oppnåing av miljømål til neste planperiode, er dette likevel ambisiøst og kostnadskrevjande, og endå meir dersom det blir etablert nye utslepp.

Det er i konsekvensutgreiingane vist til annan aktivitet som påverkar fjorden i dag, mellom anna Hydro Aluminium Sunndal. Når ein vurderer nye tiltak, må ein sjå på den totale miljøpåverknaden, uavhengig av kjelde. At det er etablert større utslepp tidlegare er ikkje eit argument for å gi løyve til nye forureinande verksemder. Tvert imot, bør det vere svært gode samfunnsmessige grunnar til å gi nye løyve til utslepp i ein fjord som allereie er prega av utfordringar.

Miljømåla om å oppnå god økologisk og kjemisk tilstand i neste planperiode er allereie ambisiøse. Når tiltak kjem i konflikt med miljømål, må ansvarleg styresmakt vurdere tiltak etter § 12 i vassforskrifta. Eitt av vilkåra for å kunne gi løyve er gitt i § 12 c: Samfunnsnytte av dei nye inngrepa eller aktivitetane skal vere større enn tapet av miljøkvalitet. Gitt at tiltaket kan ha negativ effekt for viktige næringar i regionen, som oppdrett og reiseliv, stiller vi spørsmål ved om vilkåret er oppfylt.

Tidlegare aktivitet på Raudsand

Det var gruvedrift på Raudsand frå 1875 til 1982. Utslepp frå gruvane har medført høge konsentrasjonar av ulike metall og kjemikal i fjorden. I 1982 etablerte Aluscan AS seg i gruvelokala. Føremålet var gjenvinning av saltslag frå norske og utanlandske aluminiumsverk. I brev av 18. oktober 2002 vedtok Statens forureiningstilsyn (i dag Miljødirektoratet) stans av all avfallsimport til anlegget. Bakgrunnen var at manglande tiltak frå bedrifta medførte uakseptabel ureining til luft og vatn, i tillegg til at mengda mottatt avfall var større enn løyvet tillot.

All tidlegare aktivitet ved Raudsand har medført ureining i fjorden, og fjorden er framleis ureina av slik aktivitet. Det framleis uavklart kor mykje og kva type avfall som er lagra i gruvane, dermed også pårekeleg at store mengder farleg avfall kan finnast i området. Ut frå eit føre-var-prinsipp er det ikkje forsvarleg å starte ny aktivitet når situasjonen per i dag er så lite oversiktleg. Før ein eventuelt opnar for ny aktivitet i området, er det behov for å avklare dagens situasjon betre.

Eksisterande aktivitet tilseier at det ikkje er grunnlag for å aksepterer tilleggsureining i dette fjordssystemet, og dermed større avvik fra eller utsetting i tid av miljømåla som er fastsett i regional delplan.

Det vert også gjort eit poeng av at ny verksemd er nødvendig for å "rydde i gamle synd-er". Dette er utelukkande eit økonomisk argument, og kan ikkje nyttast til å ta ansvaret bort frå dei som faktisk har plikt til å rydde.

Med heimel i vassforvaltingsplanen og måla i denne, tilrår fylkesrådmannen at det vert reist **motsegn** til planframlegget.

KONKLUSJON

Fylkesutvalet har i sak U-38/18 gjort følgande vedtak mot to stemmer:

1. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal har følgande merknader til konsekvensutgreiingane det er nokre manglar i utgreiinga knytt til sjømatproduksjon og omdømetap, og til vassmiljømåla i medhald av regional vassforvaltingsplan.
2. Fylkesutvalet finn likevel ikkje grunn til å krevje tilleggsutgreiingar, og meiner såleis at vedtak kan gjerast på grunnlag av den kunnskapen som ligg føre.
3. Fylkesutvalet reiser **motsegn** til planframlegget med heimel i miljømåla regio-nal vassforvaltingsforvaltingsplan.

Fylkesutvalet viser også til at anlegget kan føre til vesentleg tap av det omdømet Møre og Romsdal har som naturbasert reiselivsdestinasjon og som marin matvare-producent, og dermed også vere negativt for framtidig vekst og næringsliv i fylket.

Det er prinsippielt uønska at farleg avfall frå industriproduksjon skal eksporterast bort frå opprinnelsen til problemet. Behandling av industrielt risikoavfall bør skje nærast mogleg produksjonskjeldene for å redusere risikoen for ulukker under transport.

Med helsing

Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar
Akvakultur: Rådgivar Arve I Slettvåg
Vassforvalting: Rådgivar Håkon Slutaas

Kopi:

Tingvoll kommune

Sunndal kommune

Gjemnes kommune

Statens vegvesen, Region midt

Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal

Kystverket Midt-Norge

Mattilsynet

Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Møre og Romsdal
fylkeskommune

NESSET KOMMUNE
Kråkholmvegen 2
6460 EIDSVÅG I ROMSDAL

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|-------------|--------------|---------------------------------|---|------------|
| 2018/235 | 20.02.2019 | 18914/2019/REGULERINGSPLAN/1543 | Johnny Loen, 71 28 02 43/ Håkon Slutås 71 28 03 52 | 28.03.2019 |

Neset kommune - detaljregulering - reguleringsplan for gbnr 40/81 mfl - deponi for ureina massar og farleg avfall m.m. - Bergmesteren Raudsand AS - avgrensa ettersyn - motsegn

Møre og Romsdal fylkeskommune viser til avtale om utsett frist og har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

INNLEIING

Saka er tidlegare behandla i fylkestutvalet, som 4 juni 2018 gjorde vedtak om reise motsegn med heimel i miljømåla i regional vassforvaltingsplan. Fylkesutvalet stilte ikkje særskilte krav om tilleggsutgreiingar, men viste til at utgreiingane som låg føre, ga godt nok grunnlag for å reise motsegn. Fråsegna må sjåast i lys av at fylkeskommunen ikkje har spesialkompetanse til å vurdere alle sider ved utgreiingane om forureining. Det er Miljødirektoratet som eventuelt skal gi utsleppsløyve til den omsøkte verksemda, og som har ekspertise til å vurdere dette. Direktoratet hadde ei rekke merknader til konsekvensutgreiinga, og konkluderte med at grunnlaget for avgjerd ikkje var tilstrekkeleg.

Neset kommune har no sendt saka til fylkeskommunen for ny vurdering av denne motsegna. Kommunen viser til at plan er endra på ein slik måte at motsegner reist av NVE og Fylkesmannen i Møre og Romsdal er avklart. I praksis inneber dette innarbeiding av ei rekke omynssoner i plankartet, med tilhøyrade føresegner. Underliggende føremål er ikkje endra.

Jamfør konklusjonen til Miljødirektoratet, ligg det også føre ei rekkje tilleggsutgreiingar.

Planfaglege merknader

Vi har ikkje planfaglege merknader til plankart og føresegner. Planforslaget som no er til høyring, manglar likevel ein revidert planomtale, som skal synleggjere samanhengen mellom planprogrammet og utgreiingane og mellom utgreiingane og planforslaget.

Fylkesrådmannen må føresette at planomtalen vert oppdatert slik at han stettar kravet i plan- og bygningslova § 4-2, jamfør også forskrift om konsekvensutgreiingar.

Samfunns- og næringsutvikling

For dette temaet vil fråsegn gitt 4 juni 2018 framleis gjelde. Det er ikkje gitt tilleggsutgreiingar som endrar dette.

Vassforvaltning

Vassforskrifta og miljømål i regional vassforvaltningsplan

I Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2016-2021 er Sunndalsfjorden prioritert, og i vassforekomstaen "Tingvollfjorden ved Raudsand" er miljømålet å oppnå god økologisk og kjemisk tilstand. Dette miljømålet er utsett til neste planperiode (2022-2027), då det ikkje er sannsynleg at det kan nåast innafor 2016-2021. Dette skuldast dei store utfordringane i vassforekomsten. Fylkeskommunen vurderte at utslepp og utfylling i sjø vil kunne komme i konflikt med miljømål og kom derfor med motsegn.

Vurdering av utslepp

Tiltakshavar opplyser at de er arbeidar no for å få delar av utslepp frå Real Alloy inn på sitt renseanlegg og at dette vil redusere utslepp i sjø. Det går likevel ikkje fram grad av forureining frå Real Alloy i dag, eller kor stor del som vil blir rensa. Vi finn ikkje opplysningar om korleis utslepp i sjø blir ved ei slik påkobling. Vi ser derfor ikkje grunnlag for påstanden om at totalutsleppet blir mindre ved tiltaket. Vi vurderer at strengare rensekrav kan settast til Real Alloy uavhengig om det byggast eit nasjonal deponi for farleg avfall ved Raudsand, viss det er nødvendig for å nå miljømål i vassforekomsten.

Opprinneleg konsekvensutredning vurderer at tiltaket vil forsinke forbetringa av miljøtilstand, men ikkje forverre tilstanden i fjorden. Vi har tidlegare påpeikt at i denne vurderinga ikkje har tatt tilstrekkeleg omsyn til utfylling i sjø eller at kystvatnet allereie er forureina. Her er det naturleg å påpeike at det skal mykje til at fjorden skal bli i verre tilstand, all den tid den er plassert i dårlegaste kategori for kjemisk tilstand (tilstand dårleg), og nest dårlegaste kategori for økologisk tilstand (tilstand dårleg)

Norconsult har utarbeidd ein ny fortynningsmodell for utslepp i fjorden basert på den faktiske forureiningstilstanden for kystvatnet i vassforekomsten. Modellen viser at fortynningsbehovet aukar med om lag 238 % for sink, 150 % for Kvikksølv, 158 % for koppar 134 % for kadmium og 154 % for bly, samanlikna med modellen som tok utgangspunkt i reint vatn. Modellen viser også at det ikkje er muleg å oppnå fortykning til god tilstandsklasse for arsen, sidan fjorden allereie er forureina av arsen (Arsen er eit grunnstoff ikkje ulikt fosfor. Det opptre i forbindelsar lett løyselege i vatn og er giftig).

Heller ikkje for nitrogen er det muleg å oppnå fortykning til god miljøtilstand, gitt dagens tilførsel. Norconsult vurderer at dette likevel ikkje endrar vurderingane i forrige modell om at fortykning vil være tilstrekkeleg etter om lag 100m. Fylkesrådmannen meiner rapporten i svært liten grad går inn i vurdering av verknadene, og at konklusjonen synest dårleg dokumentert. Korleis den langsiktige påverknaden frå utslepp på vassforekomsten blir som følgje av utsleppet, er heller ikkje omtalt. Tiltaket vil medføre auka utslepp av miljøgifter som allereie har gjort at vassforekomsten er i dårleg økologisk og kjemisk tilstand. Tilstrekkeleg fortykning vil ikkje skje for arsen og for nitrogen. Ut i frå dette vurderer vi at dei ekstra utsleppa vil kome i konflikt med miljømål satt i vassforekomsten.

Forholdet til andre forureiningskjelder:

Det visast igjen til at det omsøkte tiltaket utgjør ein mindre del av totalutsleppa i fjorden. Dette kan ikkje vere eit argument for meir utslepp. Ein frå før belasta fjord vil få auka menneskeskapte tilførsler av nitrogen med om lag 5 prosent. Denne andelen vil være større når ein reknar for den lokale vassforekomsten (ein mindre del av fjorden), som miljømåla gjeld for. At det er etablert verksemder med utslepp tidlegare, er heller ikkje eit argument for å gi løyve til nye forureinande verksemder. Tvert om, bør det vere svært gode samfunnsmessige grunnar til å gi nye løyve til utslepp i ein fjord som allereie er prega av utfordringar og der målet er å betre miljøtilstanden.

Utfylling i sjø

Tiltaket omfattar eit stor utfylling i sjø. Undersøkingar viser at vassforekomsten er ureina av aluminium, kopar, sink, krom og bly. 2013-undersøkingane viste også at botnsedimenta var sterkt sterkt til meget sterkt ureina av kopar, og at fjordvatnet var markert til sterkt ureina av nikkel. Eit område på 0,3 km² utanfor hovudutsleppet var markert til sterkt forureina av PCB (i dag forbode i bruk). På grunn av manglande stabilitet i delar av botnområdet, og djupner ned til 170 m, er vanlege avbøtande tiltak lite aktuelle. Dumping av masse i sjøen, slik det er tenkt, vil føre til oppvirvling av botnsediment og vil kunne spreie sterkt forureina sediment ut i vassforekomsten. Det er pårekeleg at resultatet av denne aktiviteten vil kome i konflikt med miljømåla som er sett for fjorden.

Miljømål i vassforvaltningsplan og § 12 i vassforskrifta

Miljømåla om å oppnå god økologisk og kjemisk tilstand i neste planperiode er allereie ambisiøse. Når tiltak kjem i konflikt med miljømål, må ansvarleg styresmakt vurdere tiltak etter § 12 i vassforskrifta.

Etter § 12 b er det vilkår om at samfunnsnyttan av dei nye inngrepa eller aktivitetane skal vere større enn tapet av miljøkvalitet. Gitt at tiltaket kan ha negativ effekt for viktige næringer i regionen, som oppdrett og reiseliv, vurderer vi at dette vilkåret ikkje er oppfylt.

Etter § 12 c er vilkåret at "*hensikten med de nye inngrepene eller aktivitetene kan på grunn av manglende teknisk gjennomførbarhet eller uforholdsmessig store kostnader, ikke med rimelighet oppnås med andre midler som miljømessig er vesentlig bedre*". I følge rettleiar frå Klima- og miljødepartementet kan relevante alternativ vere ei anna lokalisering.

Miljødirektoratet har på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet gitt ein fagleg vurdering og samanlikning av alternativa for etablering av nytt deponi for farlig uorganisk avfall (Brevik og Raudsand). Miljødirektoratet konkluderer med at Brevik er godt egna. For Raudsand er konklusjonen:

- *I Raudsand har ikke Miljødirektoratet fått nok informasjon om geologiske, hydrologiske og geotekniske forhold i saken til at det er grunnlag for å vurdere om fjellhallene i Raudsand vil være egnet for etablering av et deponi for uorganisk, farlig avfall.*
- *Det fremkommer heller ikke klart av dokumentene om Bergmesteren Raudsand AS vil ha en teknologi som er egnet for å behandle de typer uorganisk farlig avfall som det er nasjonalt behandlingsbehov for.*
- *Behandlingsmetoden, Halosep, er lite utprøvd. Det er per i dag uklart om den vil fungere på alle de avfallsfraksjonene den er planlagt for.*
- *Det er heller ikke klart om den alternative behandlingsmåten for annet uorganisk avfall enn flyveaske og avfallssyre, vil være i tråd med avfallsregelverket.*
- *Ettersom det gjenstår en god del miljømessige utredninger av fjellhaller og uttesting av planlagte behandlingsmetoder, mener Miljødirektoratet det blir urealistisk å få anlegget på plass til 2022.*

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at tilleggsutgreiningane dokumenterer godt at miljømåla for vassforekomsten kan bli nådd. Det kjem likevel fram at vassmiljømåla først og fremst er prega av dagens situasjon. Ut frå dette finn vi det tilrådeleg å trekke motsegna.

KONKLUSJON

Saka er lagt fram for fylkesutvalet i møte 25 mars. Fylkesutvalet gjorde følgende vedtak:

Fylkesutvalet opprettheld motsegn mot reguleringsplan for Bergmesteren Raudsand AS i Nesset kommune med heimel i miljømåla regional vassforvaltingsforvaltingsplan.

Fylkesutvalet ser ikkje at det er utgreia og godtgjort korleis utsleppa skal reduserast, og dei ekstra utsleppa vil komme i konflikt med miljømåla som er sett.

Fylkesutvalet understrekar som i vår tidlegare fråsegn at anlegget kan føre til vesentleg tap av det omdømet Møre og Romsdal har som naturbasert reiselivsdestinasjon og som marin matvareprodusent, og dermed også vere negativt for framtidig vekst og næringsliv i fylket.

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Kopi:
Sunndal, Gjemnes og Tingvoll kommunar
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Statens vegvesen region midt
Mattilsynet
Kystverket
Fiskeridirektoratet
Miljødirektoratet